

PROSJEKTPLAN: VEDTAKSOPPFØLGING, MELAND KOMMUNE 2017

Heimel

Kommuneloven § 77.4 pålegg kontrollutvalet å sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunane. Forvaltningsrevisjon inneber mellom anna systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyrets vedtak og føresetnader.¹

Plan for forvaltningsrevisjon for Meland kommune vart vedtatt i kommunestyret den 27.04.2016, sak 37/2016, og «*Vedtaksoppfølging*» er eit prioritert prosjekt i inneverande kommunestyreperiode.

Føremål

Føremålet med forvaltningsprosjektet er å bidra til tilfredsstillande system for iverksetting av politiske vedtak og tilbakerapportering til politisk nivå.

Førebels problemstillingar²

- Har Meland kommune *eit system* som sikrar at politiske vedtak vert sett i verk, og at politisk nivå får tilbakemelding i tråd med føresetnadane i vedtaka?
- Er politiske vedtak i perioden 2014/15 sett i verk i tråd med føresetnadane, og har politisk nivå fått tilbakemelding i tråd med føresetnadane i vedtaka?

Avgrensing

- Kommunestyrevedtak gjort i perioden 2014/15
- Eit utval saker der det er forutsett at administrasjonen skal iverksetja og evt. gje tilbakemelding til kommunestyret.

Kjelder til revisjonskriterium

Omgrepet revisjonskriterium viser til dei krav og forventningar ein kan stille til den funksjon, aktivitet eller prosedyre som er gjenstand for forvaltningsrevisjon, jf. RSK 001.

Kommuneloven § 23. Administrasjonssjefens oppgaver og myndighet.

Koml. 23-2: «Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet, og at vedtak blir iverksatt.

Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjer, og at den er gjenstand for betryggende kontroll.»

¹ Sjå kap. 3 i Revisjonsforskriften og kap. 5 i kontrollutvalgs forskriften for utfyllande informasjon.

² Det kan vere aktuelt med mindre vesentlege endringar i problemstillingane undervegs i prosjektprosessen..

Metode

Prosjektet vert lagt opp etter RSK 001: *"Forvaltningsrevisjon organisert som prosjekt"*. Revisjonen vil nytta dokumentanalyse av møteprotokollar, saksframlegg til kommunestyret, relevante dokument samt intervju for å svara på problemstillingane i prosjektet.

Revisjonen vil undersøka saker der det er forutsatt at administrasjonen skal følgja opp og evt. gje tilbakemelding til kommunestyret.

Organisering og ansvar

Revisjonen tek initiativ til oppstartsmøte med rådmann. Administrasjonen framskaffar relevant informasjon. Førebels rapport vert sendt rådmann for uttale, og svarbrev følgjer endeleg rapport. Rapporten vert oversendt kontrollutvalet for handsaming, og KU avgjer om rapporten skal leggest fram for kommunestyret.

Tidsplan

Prosjektet vil kunne starte opp i løpet av hausten 2017, og kan handsamast i KU i løpet av vinterhalvåret 2018.